

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn
Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilssen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid S. Stuhaug – tilsettes
representant. John Stenersen under sak 11, Øyvind Sandum
under sakene 12-14.

Tid: Måndag 14.januar kl. 10-17

Stad: Schous femte etasje

Sakliste

Styresak 2019/01	Innkalling og sakliste
Styresak 2019/02	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2019/03	Innføring av kulturmomms?
Styresak 2019/04	Søknadar om å arrangere Landskappleiken 2020, 2021 og 2022
Styresak 2019/05	Førebels oppsummering av Meisterkonserten i Operaen
Styresak 2019/06	Rullering av finalar på LK
Styresak 2019/07	Billettprisar og tevlingsprogram LK 2019
Styresak 2019/08	Landsfestivalen i gammaldans i Kinsarvik 2019: Godkjenning av premiebudsjet, tevlingsplan, billettprisar og deltakaravgift. (Ettersendast)
Styresak 2019/09	Retningsliner for programleiarar på LK og LF
Styresak 2019/10	100-årsjubileum – nemnd og mandat
Styresak 2019/11	Folkelarm – førebels oppsummering
Styresak 2019/12	Representasjon på årsmøta i områdelaga
Styresak 2019/13	Årets lokallag
Styresak 2019/14	Søknad om medlemsskap i FolkOrg frå Akwaaba
Styresak 2019/15	Søknad frå Christer Falck om tilskot til Kongshaugfestivalen
Styresak 2019/16	Førespurnad frå Norsk folkemusikklag om støttemedlemsskap
Styresak 2019/17	Eventuelt

Styresak 2019/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2019/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 15.11.18-31.12.18:
 - a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Har hatt kontakt med potensielt nye medlemslag
 - ii. Rådgjeving til Ungfolk i Telemark
 - iii. Planlegg dommarseminar på Lillehammer i samarbeid med Gudbrandsdal folkemusikklag. Har søkt tilskot frå KOMP.
 - iv. Har betalt ut momskompensasjon til laga.
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Vidareutvikling av nettsider, og overføring til ny arrangør.
 - ii. Folkelarm
 1. Har fått tilskot frå tre ambassadar og Gramo i tillegg til det vi tidlegare har rapportert om.
 2. Har kunne gi 100 % reisedekking til Folkelarmartistane.
 3. Har oppdatert grafisk profil på nettsider og sosiale media for 2019.
 4. Byrja marknadsføringa av Folkelarm 2019.
 - iii. Meisterkonserten
 1. Etterarbeid og rapportering etter konserten.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Folkemusikk nr. 4/2018 blei sleppt i veke 50.
 2. Folkemusikk nr.1/2019 er i produksjon
 3. Er med på innkjøpsordninga i 2019 også.
 4. Søknad kritikk: Folkemusikk har også i år motteke kr 50 000 frå Fritt Ord til kunst- og kulturkritikk. Det er i tillegg søkt om kritikkmidlar hos Kulturrådet, svar på denne søknaden er venta i mars månad.
 5. Podkast: Det blei i 2018 laga to halvtimelange folkemusikkpodkastar, desse er enno ikkje publiserte. Redaktøren har håp om å få laga to podkastar til i løpet av våren 2019. Har vi fire folkemusikkpodkastar, kan dei lanserast som ein «første sesong.
 6. Vi arbeider med å finne ny løysing på annonsesal til Folkemusikk.
 - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. I Musikkindustriens næringsråd (MIR) er kulturmoms, verdigap og strømmeøkonomi viktige tema.

- ii. Vi har vore i ressursgruppemøte i Frivillig.no, der vi mellom anna kåra årets nykommar. Prisen vart delt ut på frivillighetens dag 5. desember.
 - iii. Vi har hatt Skype-møte i Nordisk folkemusikkomité.
- e. Særskilde satsingar
- i. Folkedans
 - 1. Vi har, saman med samrådsmøtet for folkedans gått bort frå ideen om å søke midlar frå Talent Norge til eit ungdomsdansekompani, og går heller inn for å arbeide for å få ein bachelor i utøvande folkedans.
 - 2. Har delt ut til saman kr. 100 000 til danseaktivitet fyrste halvår i 2019. 19 av 44 søknadar fekk innvilga stønad.
 - ii. Det profesjonelle feltet
 - 1. Vi held fram med planlegging av satsinga mot Frankfurt 2019, og hadde Skype-møte med vår tyske partner Christian Pliefke og Music Norway ved Tysklandsansvarlig Jonas Veber og folkemusikkansvarlig Aslak Oppebøen.
- b) Vi har bestilt løysing for utøvarkatalog (folkartist.no) og håpar å den i gong til landsmøtet.
- c) Rekneskapsrapport
- d) FolkOrg si rolle som medstiftar av Telemarksfestivalen – Kristian Hanto har løfta denne og vil orientere i møtet.
- e) Kven gir vi særskild merksemd til ved merkedagar og gravferd – berre heidersmedlemmar eller andre markante personar også? Kor markant må ein i så fall vere? *Vi drøfter problemstillinga.*
- f) Støtteordning for hardingfelemakarar? Kort informasjon om eit innspel.
- g) Fordeling av helsingar til heidersmedlemmer.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

- a) Ingen særskilde merknader.
- b) Ingen merknader.
- c) Ingen særskilde merknader.
- d) FolkOrg sender eit brev til Telemarksfestivalen, der vi ber om at forholdet mellom formålsparagraf og programprofilen vert drøfta på årsmøtet.
- e) FolkOrg kan i nokre tilfelle sende helsingar til profilerte personar i miljøet ved jubileum, gravferd mm, sjølv om dei ikkje er heidersmedlemmer.
- f) Ingen merknad
- g) Styret fordelte oppgåver med å helse til jubilerande heidersmedlemmer

Styresak 2019/03 Innføring av kulturmoms?

Vedtak: FolkOrg gir si tilslutning til at Musikkindustriens næringsråd fremmer ei endring i MVA-loven når det gjeld kulturbransjen, slik det er skildra i notatet frå utreiarane.

Styresak 2019/04 Søknadar om å arrangere Landskappleiken 2020, 2021 og 2022

Vedtak:

- a) Falkeriset Folkemusikklag, Seljord Folkemusikklag og Tinn Spelemannslag vert tildelt Landskappleiken i 2020 under føresetnad av at lokala har kapasitet nok og er tilgjengelege.
- b) Lom Spel- og dansarlag vert tildelt Landskappleiken 2021.
- c) Gol spel- og dansarlag og Ål spel- og dansarlag vert tildelt Landskappleiken 2022.

Styresak 2019/05 Førebels oppsummering av Meisterkonserten i Operaen

Vedtak: Styret tek oppsummeringa til orientering.

Styresak 2019/06 Rullering av finalar på LK

Vedtak: Framlegg til finaleoppsett og formuleringar i tevlingsreglementet vert vedteke.

Styresak 2019/07 Billettprisar og tevlingsprogram LK 2019

Vedtak:

- a) Styret godkjenner tevlingsplanen med desse endringane:
 - i. Premieutdeling er justert til same tid torsdag – laurdag. Tidspunktet er sett til kl. 22.00 på grunn av tevlingar og konserten "Hoga-heimat".
 - ii. Finalen laurdag kveld er flytta frå kl. 19.30 til kl. 20.00
 - iii. Vokal kl. C og kl. B har bytta plass
 - iv. Dans hardingfele kl. B har bytta plass med Lagdans jr.
 - v. Dans hardingfele kl. C har bytta plass med Dans hardingfele kl. A
 - vi. Tidspunkta for dei andre klassane i Vågåhallen denne dagen (fredag) er forskyvd litt for å ha same klokkesletta for start og slutt som oppsett.

- vii. Open klasse er flytta til kl. 12.00, og tidspunkta for dei resterande klassane i kulturhuset er flytta. Dette for å få betre tid til lydprøva til Open klasse.
- b) Styret godkjenner framlegg til billettprisar for LK 2019

**Styresak 2019/08 Landsfestivalen i gammaldans i Kinsarvik 2019:
Godkjenning av premiebudsjet, tevlingsplan, billettprisar og deltakaravgift.**

Vedtak:

- a) Deltakaravgifta for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019 er godkjent.
- b) Billettprisane for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019 er godkjent.
- c) Premiebudsjetet for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019 er godkjent.
- d) Tevlingsplanen er godkjent. Det vert ikkje finale i lagdans på Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019.

Styresak 2019/09 Retningsliner for programleiarar på LK og LF

Vedtak: Styret vedtek retningsliner for programleiarar på FolkOrg sine arrangement, slik det er gjort framlegg om, men med desse endringane:

- Nytt kulepunkt under overskrifta «Førebuing», der det står at programleiararen må ha kjennskap til sjangeren.
- Tillegg i kulepunkt 5 under overskrifta «Som programleiar»: Det er likevel heile tida utøvarane **og publikum** som står i fokus.
- I siste kulepunkt kutter vi ut siste setning slik at det berre står: Kvinner og menn skal introduserast på lik line.

Styresak 2019/10 100-årsjubileum – nemnd og mandat

Framlegg til vedtak:

1. Forprosjektsnemnda for forprosjektet til 100-årsjubileet er: Camilla Granlien, Silje Solberg, Thor Hauknes og Linda Dyrnes. Gruppa konstituerer seg sjølv.
2. Mandat til forprosjekt for 100-årsjubileum:
 - Forprosjektsnemnda skal lage ei skisse for kva 100-årsjubileet for LFS/FolkOrg kan og bør innehalde.
 - Forprosjektsnemnda skal skissere kostnadene til ei slik feiring, og ulike måtar å finansiere ho.
 - Forprosjektsnemnda skal lage eit forslag til på kva måte feiringa skal organiserast med tanke på kva ressursar vi treng av tilsette, nemnder og undernemnder.
 - Forprosjektsnemnda legg fram eit forslag til styret innan hausten 2019.
 - For å involvere fleire i ein slik prosess og å få erfaringar frå andre, skal Forprosjektsnemnda:
 - kontakte Norges korpsforbund og Den norske turistforening for å få deira erfaringar frå jubileumsmarkeringar.
 - møte kulturministeren og sonde terrenget for kva ein kan vente seg av finansiering frå dei og på kva måte vi skal gå fram. Dei bør også sjekke ut kva som skal til for at 2023 skal bli Folkemusikkens og folkedansens år.
 - organisere eit innspelsmøte under Landsmøtet til FolkOrg.

Styresak 2019/11 Folkelarm – førebels oppsummering

Vedtak: Styret tek oppsummeringa frå Folkelarm 2018 til orientering.

Styresak 2019/12 Representasjon på årsmøta i områdelaga

Vedtak:

FolkOrg sender desse som representantar på årsmøta i områdelaga i organisasjonen:

Områdelag	Dato	Sted	Klokkeslett	Kontaktperson	Representant
Trøndelag	02.02.2019	Kimen Kulturhus		Torill Aasegg	Øyvind

Sogn og Fjordane	31.03.2019	Stryn	12:00	Ole Nilssen	Kjellbjørn?
Buskerud				Veslemøy Fjerdingsstad	
Hedmark	09.03.2019	Elvarheim, Elverum		Anne Nilssen	Øyvind
SAFFA	25.04.2019			Nils Seland	Droppe? Thor?
Møre og Romsdal				Hanne Moldver Salthammar	
Gudbrandsdal	6.april	Lom		Bjørn Kåre Odde	Hilde/Øyvind
Valdres				Guro Råheim Kvam	
Telemark				Kjell Stundal	Kristian?
Hordaland	23.03.2019	Oseana, Osøyro, Os		Irene Bjørke	Silje

Styresak 2019/13 Årets lokallag

Vedtak:

1. Retningslinjer for premie, juryarbeid, utdelingsstad for årets lokallag og reiserekning/overnatting for nominerte vert ikkje endra.
2. Tidsplan vert godkjent.
3. Kriterium for årets lokallag 2019 vert som i 2018 – ein oppmodar til å nominere lokallag med god aktivitet.

Styresak 2019/14 Søknad om medlemskap i FolkOrg frå Akwaaba

Vedtak: Saken skal handsamas på nytt neste styremøte.

Styresak 2019/15 Søknad frå Christer Falck om tilskot til Kongshaugfestivalen

Vedtak: FolkOrg gir ikkje pengestønad til denne konserten, men tilbyr hjelp til marknadsføring gjennom våre kanalar, og om ønskjeleg annonse i Folkemusikk.

Styresak 2019/16 Førespurnad frå Norsk folkemusikklag om støtte-medlemskap

Vedtak:

FolkOrg melder seg som støttemedlem i Norsk folkemusikklag og betalar med det kr. 10 000 i 2019 og 2020.

Styresak 2019/17 Eventuelt

- a) Vi utsetter fristen for å melde inn framlegg til nye heidersmedlemmer til 1.februar og sender melding til laga om det.
- b) Vi legg fram ein sak om å etablere ein pris til Årets folkemusikkfoto på neste styremøte.